

Møtereferat

Møte: Møte AU Midt-Norge

Tid/Sted: Tysdag 30.05.17 kl 10 - kl 15 på Nortura Steinkjer

Tilstede: Lars Morten Rosmo, Trude Sandstad Eldnes, Ragnar Valstad, Kolbjørn Frøseth, Johan Kristian Daling, Jan E Hoem (vara for Sverre Tyldum), Oddveig Gikling-Bjørnå og Roy Albertsen

Forfall: Olav Håkon Ulfsnes og Sverre Tyldum

Kopi til: Vara AU, leiagrupperna region Midt og Tor Olav Brandtzæg

Referent: Brit Kari Eidsefot Hauger

Molde, 30. mai 2017

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p>Orientering om Nortura Steinkjer Torben Holm Pedersen orienterte om anlegget som er bygd i 1960, har 185 tilsette og slaktar 290 000 slaktegris og 10 000 purker pr år. Vidare om organisasjonskartet, og slakte- og skjeremengd pr dag. Får auka skjering etter avvikling i Saprborg. Positiv EBITDA-utvikling 2013 – 2017, samt reduserte kostnader. Fokusområde 2017 og ny vaskehall.</p> <p>Spørsmål/kommentarar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Diskusjon om framtidsperspektiv for anlegget og svineproduksjonen i Midt-Norge. • Veldig bra at lokale anlegg profilerer seg opp mot skulane. • Sende plansjane til AU. 	Brit Kari
	<p>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.</p>	
2	<p>Orientering frå styremøte 22. – 23.05 Oddveig orienterte om omstilling på egg til frittgåande produksjon, med bidrag fra Norgesgruppen til omstillinga. Tillegg før 2 innsett.</p> <p>Totalmarknad: Auka sal av lam, men utfordring på sau. Spenning rundt evt overgang til volummodellen for gris i sommar. Storfe: 20 % mindre import så langt i år pga redusert sal og auka produksjon. Fokus klassifisering og skitne slaktedyr.</p> <p>Kylling: Utfordrande sal og lønsemrd. Må kjøpe ut meir produksjon. Johan Kristian informerte om Trønderkylling, der det viktigaste er marknadsadgang til kjedene.</p> <p>Fordelt styremedlemar på dyreslag og regionar. Sende oversikt til AU.</p>	Brit Kari
	<p>AU og RU-leiar si rolle: Veldig positivt med engasjement, viktig med gode grensegangar. Korleis bruke Samarbeidsråda. Særleg AU-leiar og nestleiar kan brukast meir aktivt. Regionale skilnader i arbeidsmåte.</p> <p>Avslutta styremøtet med demonstrasjonstog.</p> <p>Spørsmål/kommentarar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Uro og kritikk i eggproduksjonsmiljøet i Rogaland. I Midt-Norge er konkurrent ivrig for nytableringar. • Spenning rundt vidare behandling om Jordbruksoppgjeret. • Ynskje om info/repetisjon om WTO til tillitsvalde, aktualisert no gjennom mogeleg overgang av gris til volummodell. Enkel info folder, gjerne utarbeidd av Bondelaget. 	Oddveig

- Ynskje om å utvikle strategi i samarbeid med adm og styremedlem for regionen for politisk arbeid. Avvente til styrevedtaket er klart.
- Kva tiltak vert gjort for å ta ned lageret av sau?
- Viktig med stort fokus på marknadsadgang for kylling no, og å vere best.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

3 Oppfølging av krets møta og RU-møtet

Brit Kari la fram oppfølgingsrapportane. Vert utsendt til regionutvalet.

Spørsmål/kommentarar:

- Ragnar orienterte om at oppfølginga for kretsane Frosta og Verdal var lagt fram dagen før på Ny Giv i kretsarbeidet-pilotmøte for kretsutvala. Innspel der om fortsatt misnøye med kadaverhenting. Dåleg organisering av henting, samt kommunikasjon mellom Mattilsynet og Norsk Protein. Må meldast begge plasser. Kadaver vert liggande for lenge før henting, utfordrande for smittepress.
- Skal Norsk Protein varsle Mattilsynet?
- Trude har også fått innspel frå Steinkjer om at det går for lang tid før henting. Også henting i same bygda annankvar dag.
- Ynskjer ein plass å varsle samt raskast mogeleg henting, også når det er andre kadaver i bygda/på ruta.
- Frekvens må tilpassast årstid og temepretaur. Meir omstendeleg og tungvint no. Tydeleg infor til bonden.

Roy fylgjer opp saka.

Roy

Vedtak: AU tek oppfølgingsrapportane til orientering.

4 Orientering frå arbeidet i Råvare & Medlem region Midt

Roy orienterte om tilførslar pr veke 20, tilførslar og marknadsandelar på dyresлага, aktivitet på storfe, gris, småfe, livdyr, samt aktuell informasjon frå regionen. Til slutt om prosjekt "Økt differensiering av storfekjøtt".

Spørsmål/kommentarar:

- Vi må profilere næringsmiddelindustrien, for kunnskap, rekruttering og synlegheit mot politikarar.
- Kan informere betre om kva som vert gjort for å utnytte småfeanlegg mot og i sesong.
- Fekk spørsmål om livkviger for sal, høyrd ikkje noko etter innmelding, selt med ein gong når det vart lagt ut på Facebook. Bør få meir fokus på at kjøparar også må melde sin interesse til livdyravd.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

5 Oppnemning av ressursgrupper

Forslag frå Kolbjørn var mottatt før møtet.

Ragnar ynskjer å halde fram med si gruppe.

Jan hadde fått melding om at Sverre vurderer tidlegare AU-medlem, samt nokon frå Sør-Trøndelag. Brit Kari kontaktar han for tips om RU-medlemar.

Brit Kari

Johan Kristian: Ynskjer å nytte styret i Midt-Norge kyllingring, som er Arnt Ove Løvås og Trond Petter Ristad.

Trude har avklart at Tore Rennan og Geir Håvard Valstad deltek i hennar gruppe.

Vedtak: Endeleg oppnemning av ressursgruppene vert utsett til neste møte.

6 **Årshjul**
Brit Kari orienterte om budsjett og møteplan.

Vedtak: AU vedtok neste fysiske møte 28. august med leiargruppa og separat møte 29. august. Til møtet i oktober vert 26.

7 **Handlingsplanar for kretsane og tildeling av midlar**
Oversikt over handlingsplanar og omsøkte midlar var utsendt, og Brit Kari orienterte. Innmeldt ynskje om kr 208 600 i ekstra midlar, mot budsjett kr 125 000. Forventar at ikkje all aktivitet vert gjennomført, og tilrår at AU tildeler som omsøkt.

Vedtak: AU vedtek budsjett for kretsane sine handlingsplanar som omsøkt.

8 **Nortura meir synleg regionalt og lokalt**
Lars Morten orienterte om innspel han har mottatt om å vere meir synleg:

- Politikk
- Forvaltning
- Vise fram industrien, t.d. i sosiale media
- Vise fram bonden
- Stolt - omdømme
- Klima/bærekraft
- Marknad

Korleis kan vi gjere dette?

Spørsmål/kommentarar:

- Regional forvaltning: I M&R er det god velvilje til å involvere samvirkeorganisasjonane, m.a. på Landbruksmelding. Samfunnsrekneskapet må brukast, både for eigarar, politikarar, osv. God avklaring i forkant med Samarbeidsrådet på bodskap m.a., er viktig. Mange gardbrukarar flinke til å vise fram kva som skjer på gardane sine i sosiale media, må utnyttast meir.
- Forbrukar forbind Nortura med noko stort, må fokusere på nærindustrien, gjerne med meir fokus på regional mat.
- Stolt matprodusent og matproduksjon må vere fokus, godt omdømme, bidreg til samfunnsrekneskapet og klima.
- Er tydelege nok på kva vi vil med å vere synleg? Markedsadgang og aktivitet for å gjere oss attraktive for kjedene er viktig for sal av produkta våre.
- I M&R nedbygd kjøtindustrien, som er sårt for mange, og dermed vanskeleg å profilere industrien.
- Synleggjere folk som gjer noko bra, både ansatte og eigarar. Gjerne bruker facebooksida til Medlem. Gjev sterke tilknyting for eigarane.
- Må ha rutiner for kontakt med politikarar og forvaltning, med tydeleg bodskap. Lars Morten, Olav Håkon og Oddveig jobbar med dette. Takast også opp i Samarbeidsrådet, som møtefacilitator
- Sende ut eigarbrev med kort info om samfunnsrekneskapet pr region, med link for meir info. Også lagast kortversjon til bruk mot politikarar.
- Vise fram medarbeidarar og ting som går bra, som kan delast i sosiale media.

Tor Olav

Lars M/
Olav H/
Oddveig

Tor Olav

Vedtak: AU jobbar vidare med å gjere Nortura meir synleg.

9 **Nettverk til representantane i AU**
Lars Morten ynskjer ei kartlegging av AU-medlemane sitt nettverk. Til neste fysiske AU-møte ynskjer han at kvar enkelt lagar liste over viktige samfunnsaktørar: politikarar og sentrale samfunnsaktørar som ein kjenner og kan ha møte med.

Vedtak: AU lagar ei kartlegging av sitt nettverk til neste fysiske AU-møte 29. august.

10 **Vertikal integrering i Midt-Norge**
Lars Morten stilte spørsmål om korleis vi kan angripe dette. Samvirketanken er

motmakta. Viktig med info om kvifor samvirke, gjennom info til ungdom på vidaregåande skule, i samarbeid med organisasjonane, t.d. om FK si ung bonde-satsing, m.m. Invitere oss med på FK si ung bonde-satsing, som tema på møtet i Midt-Norsk landbruksråd. Påverknad mot politikarar også viktig. Informere om den norske modellen.

Spørsmål/kommentarar:

- Markedsadgang og markedsmakt er viktig, der kjedene har fått større makt.
- Massiv mobilisering av brukarar si marknadsmakt kan utnyttast.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

11 Jordbruksoppgjøret

Har vore tema tidlegare i møtet. Oddveig ga uttrykk for at det er viktig kva prioriteringar Venstre gjer. Lars Morten påpeikte at oppfylling av Landbruksmeldinga vil vere viktig for Stortinget.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

12 Eventuelt

- Kolbjørn tok opp kvifor Nortura ikkje er med i Agrol, for å gjere oss meir attraktiv. Oddveig svarte at Agrol er eigd av FK og Bondelaget 50 – 50. Må i så fall kjøpe oss inn. Er eit tilbod dei fleste allereie har.
- Ragnar tok opp ei sak med slaktegris som hadde vorte ståande på fjøset pga ekstraordinær slaktestopp. Må fylgjast opp i forhold til rutiner. Roy sjekkar.
- Ragnar tok også opp innspel på puljetillegg på kjøp av smågris, kontra puljetillegg på levering av slaktegris. Roy tek med seg innspelet.